

# Sak 5 – Kommunale næringsfond - Brev frå Hardangerrådet

17.05.2020 20:58

**Fra:** Jostein Eitrheim <[jostein.eitrheim@hardangerraadet.no](mailto:jostein.eitrheim@hardangerraadet.no)>

Sendt: torsdag 23. april 2020 13:58

**Til:** Jon Askeland <[Jon.Askeland@vlfk.no](mailto:Jon.Askeland@vlfk.no)>; Bård Sandal <[Bard.Sandal@vlfk.no](mailto:Bard.Sandal@vlfk.no)>

**Kopi:** Næss, Torgeir <[tornes@kvam.kommune.no](mailto:tornes@kvam.kommune.no)>; Haug Roald Aga <[roald.a.haug@ullensvang.kommune.no](mailto:roald.a.haug@ullensvang.kommune.no)>; Aslak Læg Reid <[aslakl@eidfjord.net](mailto:aslakl@eidfjord.net)>; Vatile Anders <[anders.vatile@eidfjord.kommune.no](mailto:anders.vatile@eidfjord.kommune.no)>; Hans Petter Thorbjørnsen <[hans.petter.thorbjornsen@ulvik.kommune.no](mailto:hans.petter.thorbjornsen@ulvik.kommune.no)>; Hans Erik Ringkjøb <[hans.erik.ringkjob@voss.kommune.no](mailto:hans.erik.ringkjob@voss.kommune.no)>; Trude Rinaldo <[trude.rinaldo@hardangerraadet.no](mailto:trude.rinaldo@hardangerraadet.no)>

**Emne:** Revitalisering av Regionale næringsfond

Hei !

Viser til samtale idag.

Regionalt næringsfond var fram til 2014 eit svært viktig verkemiddel for vekst og nyskaping i distrikta. Diverre vart ordninga avvikla frå 2015. Dei statlege overføringane til distriktmidlar vart redusert over fleire år og ordninga vart til slutt avvikla.

Dei regionale næringsfonda vart forvalta av regionråda som i samarbeid med representantar for næringslivet føresto tildeling av midlar til lokale verksemdar. Midlane frå Regionalt næringsfond har medverka til oppretting av mange og varige arbeidsplassar lokalt.

Med denne ordninga var både det lokale politiske miljø v/ordførarane og næringsorganisasjonane "hands on" ift tildeling av støtte. Det var ei svært god ordning mht tett kontakt mellom politisk leiing og næringslivet.

Dei krisepakkar som no er vedtekne går direkte som naudhjelp til næringslivet. Det er viktig og heilt påkrevd om desse verksemdene skal overleva til etter at koronakrisa er over. Likevel er det no ein må evna å ha to tankar i hovudet samstundes. Vekst og nyskaping i næringslivet må få gode kår også i desse tider. Det kan ikkje berre handla om å overleva.

Med bakgrunn i drøftingar med rådsordførar i Hardangerrådet tek vi derfor til orde for å revitalisera dei regionale næringsfonda. Denne ordninga utgjorde for Hardanger 2,5 - 3 mill årleg som vart vidareført som støtte til næringsutvikling i regionen. Med dette fondet vart det lokale politiske miljø og næringsorganisasjonene del i prosessen, noko som førte til stor innsikt og engasjement for næringsutvikling. Jfr. Alfred Bjørlo sin kommentar i dagens Kommunal Rapport: *Koronakrisen kan få oss til å erkjenne at vi må stå sammen med næringslivet.*

Vi oppmodar derfor fylkesordførar til å drøfta med si avdeling for innovasjon og næringsutvikling korleis det kan løyvast midlar til lokal og regional næringsutvikling der midlane kan forvaltast gjennom regionråda etter modell frå dei regionale næringsfonda.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks


Jostein Eitrheim

Dagleg leiar

Tlf 53671450/47669524

[post@hardangerraadet.no](mailto:post@hardangerraadet.no)

[www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)



Hardanger